

Møre og Romsdal Sau og Geit

Sogn og Fjordane Sau og Geit



Innspel til jordbrukstingingane 2014

Møre og Romsdal Sau og Geit / Sogn og Fjordane Sau og Geit

Sau:

1. Produksjonstilskot på sau:

Sau 1 til 50 ein auke på kr.50,00 frå kr.1326,00 til kr.1376,00.

Sau 51 til 100 ein auke på kr.50,00 frå kr. 1070,00 til kr.1120,00.

Sau 101 til 150 ein auke på kr. 300,00 frå kr. 347,00 til 647,00.

Sau 151 til 200 ein auke på kr.57,00 frå kr.347,00 til kr. 404,00.

Vi ynskjer å auke produksjonstilskot på gruppa frå 101 vinterfora sau til 150 vinterfora sau med kr. 300,00 pr. dyr. Vi ynskjer på denne måten å styrkje bruk som har vilje til å ha sau som levebrød.

2. Beitetilskot på utmarksbeite:

Utmarksbeitetilskot(min 8 veker) vert auka frå kr. 142,00 til kr. 200,00,- pr.dyr

Beitetilskudd sone 1-4 (16 uker) 5-7 (12 uker) auke på kr 40,- til kr. 100,- pr.dyr

3. Kvalitetstilskot: Auke tilskotet frå 206 til 270.

For å stimulere til best muleg kvalitet på slakt ynskjer vi å auke kvalitetstilskotet med kr. 64.

4. Investeringsstøtte: Investeringsstøtte og til midre bruk.

Vi må prøve å behalde dei små besetningane som ein styrke for miljøet.

5. Auke avløysartilskotet: Auke avløysartilskotet til 80000.

Avløysartilskot : 499,- - 555,- pr.dyr

6. Momsgrense må stå på 50000,-

Geitehaldet.

Generelt

I løpet av dei siste åra har geitehaldarane lagt ned ein innsats som manglar sidestykke for å løfte næringa. Dette har skjedd både gjennom sjukdomssanering av geiteflokkane, målretta arbeid for betre mjølke kvalitet og gjennom ei svært stor satsing på modernisering av driftsbygningane. Mange har investert fleire millionar for betre dyrevelferd og betre arbeidsforhold for røktar.

Gen-endring og omfattande avlsarbeid har ilag med auka kunnskap om fôring gjeve gode resultat. Ein har no truleg verdens beste råstoff for å lage dei beste geitmjølkeprodukta.

Det er likevel slik at endra forbruksmønster og særleg nedgang i brunostsal gjev næringa utfordringar. Omstilling til andre produkt er krevjande og tar tid, men den gode kvalitet ein no har på råstoffet gjer at ein likevel er trygg på at det vil lukkast.

Gjennom fleire år har produksjonsvolumet blitt auka ved at det er gjeve løyve til å konvertere frå ku- til geitemjølkekvote.

Etter krav frå næringa vart moglegheita for konvertering stoppa ved førre jordbruksavtale.

Tine har ansvaret for produktutvikling, marknadsføring og sal av geitmjølkeprodukta.

Geit-næringa er særst utålmodig og forventar no at Tine skal lukkast med sin jobb.

Når Tine så føreslo at forholdstalet for 2013 vart sett til 98 vart dette opplevd som eit svik frå Tine og skapte frustrasjon blant geitehaldarane.

Når så forholdstalet blir sett til 97 for 2014 samstundes med at det er vedteke å skjerpe betalingssystemet fører dette samla til store tap for produsentane.

Geita er vår beste kulturlandskapsarbeidar. Den hentar mykje av maten på sommarbeite, og pleier landskapet som m.a. i reiselivssamanheng er svært verdfullt.

Å ha husdyr som beiter i fjell og utmark høver ikkje alltid så godt med stordrift og effektivitet, verdiane av eit slikt husdyrhold er likevel store og femner vidt.

Det er viktig med støtteordningar som verdset kulturlandskapspleie og sikrar at jobben blir gjort

Friskare Geiter:

Gjennom prosjektet Friskere Geiter er geitmjølkprodusentane snart i mål med å sanere bort dei tre kroniske sjukdomane CAE, Paratuberkulose og Byllesjuke som geiteflokkane har vore plaga med. Dette er eit stort løft for næringa men det har «kosta» enormt på fleire måtar.

Det står framleis att å dokumentere helsestatus på ein god del amme- og hobbygeiter. Dette er uheldig med tanke på re-smitte og verkar skremmande for dei mange som har sanert.

Under årets jordbrukstingingar må det setjast av midlar som sikrar at alle geiter får dokumentert helsestatus og at nødvendige tiltak blir gjennomført der det er funn av dei nemnde sjukdomane. Det må i tillegg sikrast midlar for eit oppfølgings-program også for dette geitehaldet.

Mjølkk.

Det har kome signal frå den nye landbruksstatsråden om at ein vil sjå nærmare på kvoteordninga.

For geitmjølkproduksjonen vil ei eventuell oppheving av kvoteordninga raskt føre til ein stor overproduksjon med ei total rasering av økonomien i næringa som følgje.

Å behalde kvoteordninga slik den er i dag er heilt avgjerande for geitmjølkproduksjonen.

Mykje investering i drifta er basert på kvoteleige. Dette er ein svært dårleg sikkerheit for investeringane. Dagens regelverk tek mest omsyn til dei som sluttar i næringa og bør absolutt sjåast på.

Det er for tida lite rom for å auke målprisen på geitmjølk.

Auka inntekter i geitmjølkeproduksjonen må difor komme i form av budsjettmidlar.

Det er svært viktig å behalde kvoteordninga men ordninga med kvoteleige må endrast slik at bruket ikkje kan leige ut kvota meir enn fem år. Etter denne tid må produksjonen takast opp at på eige bruk eller kvota må seljast eller den blir sovande. Det må vere mogleg å søkje dispensasjon ved nærmare definerte tilfelle.

Kjøttproduksjon.

Det har gjennom mange år vore jobba med å få til betre økonomiske vilkår for kjøttproduksjon på kje. Framleis er det marginale inntekter å hente i denne produksjonen. Å føre kje til slakt på mjølkeerstatning er tapsbringande og såleis uinteressant.

Å avlive kjea rett etter fødselen for å kaste dei er u-etisk og i tillegg noko mange bønder kvir seg for å gjere.

For fleire år sidan vart det innført eit slaktetilskot. Dette har stått uendra på kr 80,00 per kje og har i gjennomsnitt utgjort kr 20,- per kg kjøt.

Nortura ynskjer no litt større kje, minst 5 kg slaktevekt. Ei omlegging av slaktetilskotet til tilskot per kg kjøt vil medverke til å heve vekta på kjea.

Under årets jordbruksavtale må slaktetilskot til kje gjerast om til tilskot per kg kjøt. Tilskotet må også hevast.

Husdyrtilskot.

Auka inntekter i geitehaldet må i stor grad kome som auke i tilskot.

Det har lenge vore eit krav frå næringa at liv-kje må kunne teljast med som grunnlag for husdyr- og avløysartilskot.

Nokre dagar forskjell i kjeings-tidspunktet kan føre til store forskjellar i husdyrtilskotet då det berre er geiter som er eller har vore i produksjon det blir gitt tilskot til.

Under årets jordbrukstingingar må regelverket for tilskot til mjølkegeit endrast slik at alle dyr som er drektige eller har kjea ved teljedato gjev grunnlag for husdyr- og avløysartilskot.

Oppsummering.

Det viktigaste ved årets jordbruksavtale vil vere:

- 1 Behalde kvoteordninga
- 2 Sikre kompensasjon for tap i produksjonsinntektene
- 3 Sikre oppfølging av Friskare Geiter for å behalde helsestatus
- 4 Endre regelverket for kvoteleige

Sogn og Fjordane Sau og Geit Møre og Romsdal Sau og Geit

-leiar-

-leiar-